



Ungdommar har gjort ein stor dugnadsinnsats i ballbingen i år. (Foto: Thor Inge Døsland)

Korsnes vel ved Tor Edward Taranger har søkt Ungdommens kommunestyre om 30.000 kroner til lys i ballbingen. Det går mot vinter og dagane blir kortare. Skal ungane ha glede av ballbingen treng dei lys, skriv Taranger.

Han peikar på at bingen er ein samlingsstad for ungdom frå heile bygda og er mykje i bruk av både små og store. Med lys vil ungdommen halda seg meir i aktivitet.

- Dette ser vi som positivt i desse data/playstation-tider, held Taranger fram.

Han reknar med dugnad for 10.000 kroner slik at samla kostnad blir 40.000 kroner. Men summen kan bli noko høgre og då vil restsummen bli betalt med loddsal og gåver.

Nokon eigenkapital er ikkje ført opp i søknaden då dei i år har brukt over 20.000 kroner på badeplattform og vedlikehald av ballbingen.

Av Ola Matti Mathisen